

PROTOKOLL | ÅRSMØTE 2011

FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans

TID: 30.april kl.13.00 – 17.00, 1.mai kl.09.00 - 12.15

STAD: Røros Hotell, An-Magrittsvei, 7374 Røros

Sak 1 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Sak 2 Namneopprop og godkjenning av fullmakter

Dag 1

Oppropet viste 57 representantar med røysterett

- 48 representantar frå medlemslaga
- 2 utøvarrepresentantar
- 7 representantar frå styret

Dag 2

Oppropet ved møtestart viste 55 representantar med røysterett

Sak 3 Val av møteleiar og protokollførar

Møteleiarar: Audhild Rygg og Mari Skeie Ljones. Per Øyvind Tveiten (vara).

Protokollførarar: Eivind Kaasin og Linda Dyrnes.

Sak 4 Val av to til å underskrive protokollen og tellekorps

Til å underskrive protokollen: Ingrid Schei Stuhaug og Ragnar Birkenes.

Tellekorps: Elling Sølvberg og Ingebjørg Før Gjermundsen.

Sak 5 Årsmelding 2010 for FolkOrg.

Åshild Vetthus, Tor Stallvik og Aslak O. Brimi la fram årsmeldinga.

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmelding 2010 slik den ligg føre, med merknader.

Merknader:

Kapittel: Nytt dommarskjema. Skrivefeil av Norsk Kvedarforum på to stader.

Kapittel: Tradisjon og opplæring side 27. Skrivefeil av Nytt skjema i Vokal folkemusikk.

Vedteke samrøystes.

Sak 6 Rekneskap 2010 for FolkOrg


Maria Høgetveit Berg la fram regnskapen 2010 for FolkOrg og revisjonsberetning.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek rekneskap 2010 slik det ligg føre.

Vedteke samrøystes.

Framlegg frå Ivar Schjølberg


Ingrid Schei Stuhaug


Ragnar Birkenes

Framlegg frå Thor Hauknes

Kompetansebygging og opplæring

Tiltak:

Arbeide for at lærarar i grunnskule og kulturskule har tilgang til gode undervisningsressursar i folkemusikk og folkedans.

Framlegg frå Halldis Folkedal

Kulturpolitisk arbeid

Mål

Folkedansen har dei same vilkåra og status som folkemusikken.

Tiltak:

Arbeida for å få stipend og prisar til folkedansen.

Arenautvikling

Tiltak

- *Legge til rette for scenisk folkedans gjennom eksisterande arrangement som Folkelarm.*
- *Oppfordre arrangørar til å legge til rette for samværsdans for alle aldrar.*

Kompetansebygging og opplæring

Tiltak

Utarbeide tiltak for kompetanseheving av pedagogar innan folkedans.

Framlegg frå Ola Grøslund

Informasjon

Tiltak:

Arbeide for at Årbok for norsk folkemusikk har eit breitt geografisk fokus.

Framlegg frå Solgunn Liestøl og Leikny Aasen

Kompetansebygging og opplæring.

Legg til pedagogar i tiltaket:

Arrangere ei felles kurshelg for lokallag, pedagogar, dommarar, utøvarar og arrangørar.

Vedtak I:


Alle framlegg til endringar vart vedteke samrøystes

Vedtak II:

Framlegg til handlingsplan for FolkOrg (2011-2015) med endringar er vedtatt. Planen gjeld for 4 år, men tiltaka i planen kan reviderast årleg av årsmøtet.

Vedteke samrøystes.

Ingrid Schei Stuhaug
Ingrid Schei Stuhaug


Ragnar Birkenes

Framlegget frå styret fekk 54 stemmer og vart vedteke.

§9 Val av tillitsfolk

Årsmøtet vel eit styre på sju personar:

- ein styreleiar for eitt år
- to nestleiarar for to år slik at det kvart år er ein nestleiar på val
- fire styremedlemmer for to år slik at det kvart år er to styremedlemmer på val

Årsmøtet vel også:

- tre varamedlemmer til styret for eitt år
- 3 medlemmer til fagutval for yrkesutøvarar, ein leiar og to medlemmer. Desse skal veljast for 2 år, men slik at ikkje alle tre er på val samstundes
- ei valnemnd på tre medlemmer for tre år, slik at det kvart år kjem ein ny medlem inn i valnemnda

Årsmøtet kan velje ei tilsynsnemnd på tre medlemmer for tre år, slik at det kvart år kjem ein ny medlem inn i tilsynsnemnda.

Når årsmøtet vel tillitsfolk, skal det velje eit mest mogleg representativt utval av medlemsmassen.

To av styremedlemmene skal tilhøyre gruppa av yrkesutøvarar innanfor folkemusikk og/eller folkedans. Ein av desse skal vera leiar eller nestleiar.

Framlegget frå styret fekk 53 stemmer og vart vedteke.

På dag to tok årsmøtet opp om institusjonar som arrangørar og festivalar kan bli medlem i FolkOrg. Det gjeld § 3 andre ledd og § 6 første ledd.

Framlegg frå Arild Reite.

Saka vert utsett

Framlegget fall.

Framlegg frå Thor Hauknes

Institusjoner kan bli medlem uten stemmerett, med 1 utsending

Framlegget fall mot 1 stemme

§ 6

Framlegg frå styret:

§ 6 fyrste ledd skal lyde:

Ingrid Schei Stuhaug
Ingrid Schei Stuhaug

Ragnar Birkenes
Ragnar Birkenes

Årsmøtet ønskjer eit rekneskap som syner kostnadene til: Administrasjon, styret, Folkelarm, bladet Folkemusikk, Årboka, eventuelt andre delar av organisasjonen / prosjekt.

Vedteke samrøystes.

Sak 7 Melding frå tilsynsnemnda

Audhild Rygg frå tilsynsnemnda la fram nemnda si melding.

Vedtak:

Melding frå tilsynsnemnda vert teke til orientering.

Samrøystes

Sak 8 Fastsetjing av kontingent

Aslak O. Brimi la fram styrets framlegg til nye satsar.

1) Bladpengar for 2012

Framlegg frå styret

Bladpengar for 2012 vert sett til: 390 kroner, ordinær pris. (no kr 360), 340 kroner for medlemmer i FolkOrg og studentar.(no kr 310)

Framlegg frå Hilde K. Bonde

Bladpengar blir ikkje endra for 2012.

Framlegget frå styret vart vedteke med 30 mot 25 stemmer

2) Medlemspengar for 2012

Framlegg frå Ivar Schjølberg

200 for voksen 50 for barn

Framlegget fall mot 11 stemmer


Framlegg frå styret


Medlemspengar for 2012 vert sett til 250 vaksne (no kr 220) og 100 for born (ingen endring.)

Framlegg frå Hilde K. Bonde

Kontingent blir ikkje endra for 2012

Framlegget frå Hilde K. Bonde fekk 38 stemmer og vart vedteke.


Ingrid Schei Stuhaug


Ragnar Birkenes

Sak 9 Vedtekter

Nestleiar Nils Øyvind Bergset la fram saken om vedtekter. Årsmøtet handsama § 6 i to omgongar, då to ulike problemstillingar var tema.

Først vart styrets storleik og yrkesutøvaranes representasjon handsama, på bakgrunn av innspel frå årsmøte i 2010. Desse elementa er omtala i § 6 Utsendingar til årsmøtet, § 9 Val av tillitsfolk og § 11 Om styret.

§ 9

Framlegg frå Ivar Schjølberg

Styret skal ha 5 medlemmer

Framlegget fall mot 6 stemmer

Framlegg frå Hilde K. Bonde

Et styre på kun 5 medlemmer, hvor av kun 1 nestleder.

Framlegget fall mot 11 stemmer

Framlegg frå Veslemøy Fjeringstad

Dei to siste setningane på side 6: "To av...." strykes

Framlegget fall mot 12 stemmer

Framlegg frå styret:

§6 Utsendingar til årsmøtet

Stemmerett på årsmøtet har:

A) Utsendingar frå lokallag, gruppa av yrkesutøvarar eller faglag som er tekne opp som medlemmer og som har betalt kontingent for meldingsåret innan 31. desember etter følgjande skala:

- a. Lag med inntil 30 medlemmer: 1 utsending
- b. Lag med 30–99 medlemmer: 2 utsendingar
- c. Lag med 100-199 medlemmer: 3 utsendingar
- d. Lag med 200-299 medlemmer: 4 utsendingar
- e. Lag med 300-399 medlemmer: 5 utsendingar
- f. Lag med over 400 medlemmer: 6 utsendingar

B) Ein utsending frå kvart områdelag

C) Styret og varamedlemmer for dei styremedlemmene som ikkje kan møte på årsmøtet


Einskildpersonar som ikkje står tilslutta noko lokallag eller faglag, har ikkje stemmerett.

Det kan ikkje nyttast fullmakter. Kvar utsending kan berre representere eitt lag.

Alle medlemmer og tilsette i organisasjonen har talerett på årsmøtet. Styret kan invitere andre institusjonar og organisasjonar som observatørar med talerett til årsmøtet.

Styret har ikkje stemmerett vedrørande årsmelding, rekneskap og val av revisor


Ingrid Schei Stuhaug


Ragnar Birkenes

Stemmerett på årsmøtet har:

A) Utsendingar frå lokallag, gruppa av yrkesutøvarar eller faglag som er tekne opp som medlemmer og som har betalt kontingent for meldingsåret innan 31. desember etter følgjande skala:

- a. Lag med inntil 30 medlemmer: 1 utsending
- b. Lag med 30–99 medlemmer: 2 utsendingar
- c. Lag med 100-199 medlemmer: 3 utsendingar
- d. Lag med 200-299 medlemmer: 4 utsendingar
- e. Lag med 300-399 medlemmer: 5 utsendingar
- f. Lag med over 400 medlemmer: 6 utsendingar

B) To utsendingar frå kvart faglag som i hovudsak har institusjonar som medlemmer

C) Ein utsending frå kvart områdelag

D) Styret og varamedlemmer for dei styremedlemmene som ikkje kan møte på årsmøtet

Framlegget til styret vart vedteke med 54 stemmer.

§ 3

Framlegg frå styret

§ 3 andre ledd skal lyde:

Alle medlemmer i lokale lag og faglag som er tilslutta organisasjonen, er medlemmer i organisasjonen. Faglag kan ha personlege medlemmer som ikkje er medlemmer av FolkOrg, men dei får ikkje rekne utsendingar til årsmøtet for fleire enn dei som er medlemmer. Faglag kan også ha institusjonar som medlemmer, og slike faglag har eit fast tal på utsendingar til årsmøtet.

Framlegget vart vedteke med 40 stemmer.

Sak 10 Handlingsprogram for FolkOrg 2011-201

Nestleiar Solbjørg Tveiten la fram styrets framlegg til Handlingsprogram for FolkOrg 2011-2015.

Redaksjonskomité: Tor Stallvik, Ragnhild Knudsen og Eivind Kaasin.

Framlegg frå Veslemøy Fjeringstad

Kulturpolitisk arbeid

Mål:

Kulturskulane og Den Kulturelle Skulesekken i heile landet har tilbod innan folkemusikk og folkedans.

Tiltak:

Arbeide aktivt mot mellom anna departement og Norsk kulturskoleråd for å få folkemusikk og folkedans inn i kulturskulane og Den Kulturelle Skulesekken.

Ingrid Schei Stuhaug
Ingrid Schei Stuhaug

Ragnar Birkenes
Ragnar Birkenes

Sak 11 Revidert budsjett 2011

Framlegg frå styret:

Årsmøtet vedtek revidert budsjett 2011 slik det ligg føre, der styret skal arbeide mot eit driftsresultat i balanse.

Framlegg frå Hilde K. Bonde:

Styret får fullmakt til å redusere budsjettet for 2011 slik at det går i kr 200.000,- i pluss.

Styrets og Hilde Bondes framlegg vart sett opp mot kvarandre:

For Hilde Bondes framlegg: 26 stemmer

For styrets framlegg: 26 stemmer

Styrets framlegg vart vedteke grunna leiarens dobbeltstemme.

Vedtak II:

Styret, arbeidsgrupper, tilsynsnemnd og valnemnd har ei ramme på 239.000 å forhalde seg til.

Vedteke samrøystes.

Sak 12 Budsjett 2012

Framlegg frå Hilde K. Bonde og styret:

Årsmøtet vedtek utkast til budsjett for 2012 slik det ligg føre. Styret skal revidere utkastet fram mot endeleg budsjett på neste årsmøte slik at ein oppnår eit driftsresultat på minst kr 300 000 i pluss.

Vedteke samrøystes.

Sak 13 Oppnemning av revisor

Vedtak:

BDO Noraudit blir oppnemnd som revisor for FolkOrg i 2012.

Vedteke samrøystes.

Sak 14 Val

Randi Skeie presenterte valnemnda si innstilling:

Styret

Styreleiar	Maria Høgetveit Berg	attval	veljast for 1 år
Nestleiar	Nils Øyvind Bergset	attval	veljast for 1 år
Nestleiar	Mari Skeie Ljones	ny	veljast for 2 år
Styremedlem	Åshild Vetrhus	ikkje på val	
Styremedlem	Sigurd Johan Heide	ikkje på val	
Styremedlem	Aslak O Brimi	attval	veljast for 2 år
Styremedlem	Tor Stallvik	attval	veljast for 2 år
1. varamedlem	Torunn Raftevold Rue	attval	vald for 1 år
2. varamedlem	Helene Myklemyr Bolstad	attval	vald for 1 år
3. varamedlem	Dag Hovda Sture	attval	vald for 1 år

Ingrid Schei Stuhaug
Ingrid Schei Stuhaug

Ragnar Birkenes

Alle vald ved akklamasjon

Val av nytt medlem i valnemnda:

Tor-Erik Jenstad	vald for 3 år
Randi Skeie	ikkje på val (2 år igjen)
Synnøve S Bjørset	ikkje på val (1 år igjen)

Vald ved akklamasjon

Fagutval for yrkesutøvarar:

Åshild Vetrhus	veljast for 1 år
Vegar Vårdal	veljast for 2 år
Britt Pernille Frøholm	veljast for 1 år

Alle vald ved akklamasjon

Tilsynsnemnd

Audhild Rygg	ikkje på val (2 år til)
Bjørn Lien	ikkje på val (1 år til)
Jan Lislien	attval (3år)


Vald ved akklamasjon

Protokollar

Frå Leikny Aasen:

For å få til ei registrering av medlem i lag som og er tilslutta Noregs Ungdomslag (NU), blir FolkOrg bedt om å ta kontakt med NU for følgjande løysing: Medlem som vert registrert i begge lag (FolkOrg og NU) får 50% rabatt på kontingent i begge lag.

Ingrid Schei Stuhaug
Ingrid Schei Stuhaug


Ragnar Birkenes